



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Bauge, 5557 2261

Vår dato
17.02.2015
Dykkar dato
27.10.2014

Vår referanse
2014/13097 323
Dykkar referanse

Samarbeids- og Skulemiljøutvalet v/ Nils Kvalvågnes
Myking skule
5957 Myking

Svar på brev med ønskje om at Fylkesmannen ser på vedtak - Lindås

Fylkesmannen viser til brev med vedlegg frå Samarbeids- og skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule journalført hos oss 30. oktober 2014.

Vi forstår skuleutvalet som at det ber Fylkesmannen om å sjå på vedtak som er gjort rundt temaet «kommuneplan strategisk del- kapittel grunnskulen og kommunedelplan for grunnskulen i Lindås kommune» fra 2009 og fram til i dag.

Kommunale vedtak om endring av skulestruktur, til dømes å leggje ned skuler og endre skulekringsgrenser, er ikkje enkeltvedtak. Det er difor ikkje klagerett på vedtaka etter forvaltningslova. Av same grunn kan slike vedtak heller ikkje gjerast om etter forvaltningslova § 35.

Fylkesmannen kan i enkelte tilfelle gjennomføre lovlegkontroll av slike vedtak. Etter kommunelova § 59 første ledd første punktum og delegert mynde, kan tre eller fleire medlem av kommunestyret saman bringe avgjerder gjort av kommunestyret inn for Fylkesmannen til kontroll av om avgjerdene er lovleg. I dette tilfellet er det ikkje medlem av kommunestyret som ynskjer lovlegkontroll. Dermed kan ikkje denne føresegna nyttas.

I kommunelova § 59 nr. 5 og ved delegert mynde er det bestemt at Fylkesmannen på eige initiativ kan ta ei avgjerd opp til lovlegkontroll. Etter denne føresegna er det opp til Fylkesmannen om ei avgjerd skal kontrollerast eller ikkje. Den enkelte har ikkje ein rett til å få ei avgjerd vurdert. Det går fram av forarbeida til lova at ordninga med lovlegkontroll på eige initiativ ikkje skal bli brukt til å gjeninnføre noko nær ein automatisk lovlegkontroll. Det bør være usikkert om ei avgjerd er gyldig før myndet til lovlegkontroll av eige tiltak vert nyttta. Av Kommunal- og regionaldepartementet sin «*Veileder. Rundskriv H-2123. Lovlighetskontroll etter kommuneloven § 59*» punkt 4.3.1 går det fram at dette myndet bør bli brukt med varsemd. Myndet inneber ein sikkerheitsventil i systemet.

Her har ikkje skulemiljøutvalet bedt Fylkesmannen kontrollere eit bestemt vedtak. Argumenta til skulemiljøutvalet for at Fylkesmannen skal sjå nærmare på saka er i hovudsak at utvalet meiner at høyringa ikkje er i samsvar med kommunelova og plan- og bygningslova. Utvalet

viser også til at kommunen ved dei siste rulleringane av kommunedelplan for grunnskulen har nytta ein svært uvanleg og uheldig metodikk i planarbeidet.

Dei argumenta SU/SKMU kjem med mot vedtaka og planane til Lindås kommune går mest på sakshandsaming og innhald. Dette er punkt Fylkesmannen i utgangspunktet kan sjå på i ei lovlegkontroll. Fylkesmannen kan likevel ikkje ut frå SU/SKMU sine argument og *dei dokumenta som er lagt fram for Fylkesmannen så langt i saka*, sjå at det er usikkert om kommunen har gjort noko ulovleg.

Så langt gjeld innhald i planar og vedtak vil Fylkesmannen peike på at verken opplæringslova eller anna regelverk har innhaldsmessige regler for endring av skulestruktur, det vil seie reglar for når det er lovleg eller ulovleg å leggje ned eller opprette ein skole. Avgjerder knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjerd må byggje på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar. Fylkesmannen kan ikkje prøve kommunen sin frie skjønsutøving, med mindre det ligg føre såkalla myndigheitsmisbruk.

Fylkesmannen kjem etter dette ikkje til å gjere lovlegkontroll i dette tilfellet.

Vi beklager at det har teke tid å besvare denne oppmodninga om lovlegkontroll. Tidligare sakshandsamer har slutta hos Fylkesmannen, og ny sakshandsamer blei difor satt på saka etter jul.

Med helsing

Anne Hjermann
Utdanningsdirektør

Marte Bauge
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.